

2016

Rapport om svangerskapsavbrot for 2015

Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)

Mette Løkeland (redaktør)

Rupali Akerkar

Olaug Margrete Askeland

Bjug Bøyum

Marta Ebbing

Aase Gunn Mjaatvedt

Yngve Pedersen

Ingvei Seliusen

Rapport om svangerskapsavbrot for 2015

Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)

Utgjeve av Folkehelseinstituttet
Område for helsedata og digitalisering
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2016

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot for 2015

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Bjug Bøyum
Marta Ebbing
Aase Gunn Mjaatvedt
Yngve Pedersen
Ingvei Seliussen

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Design:

Per Kristian Svendsen

Layout omslag:

Unni Harsten

Foto omslag:

Colourbox.com

Trykk:

Folkehelseinstituttet

ISSN 1891-6392

Innhold

1. Innleiing	4
2. Datagrunnlaget	5
3. Kvalitetssikring	5
4. Kommentar til statistikken for 2015	6
5. Figurar og tabellar	8
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2006-2015	8
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2015	8
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke 2011-2015	9
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2011-2015	10
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2011-2015	11
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2015	12
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2006-2015	12
Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19 og 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2015	13
Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2015	13
Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 2007-2015	14
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2008-2015	15
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2015	16
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2015	17
Figur 5. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2006-2015	17
Figur 6. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2006-2015	18
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2006-2015	18
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2006-2015	19
Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2006-2015	19
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova §2, tredje ledd bokstav c	20
Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova	20
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2015, vedtak i primærnemnd	21
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2015, vedtak i klagenemnd	21
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2015	22
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2015	23
APPENDIX A. Lover og forskrifter	24
APPENDIX B. Om statistikken	25

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2015.

Grunna mangelfull innrapportering knytt til datatekniske årsaker lokalt ved sjukehusa ved Sørlandet sykehus, Kristiansand, Vestre Viken, Ringerike, Nordlandssykehuset Bodø, Lofoten og Vesterålen mangler vi informasjon for 20 tilfelle.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

I 2015 starta Helsedirektoratet eit prøveprosjekt med svangerskapsavbrot hjå avtalespesialistar; «Medikamentell abort hos avtalespesialister». Det er meldeplikt og for desse opplysningane, jf. abortregisterforskrifta § 1-7.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane beskrive over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei enskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2015 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. Det medfører små justeringar i tidlegare rapporterte tal.

4. Kommentar til statistikken for 2015

I 2015 vart det sendt inn 15 778 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 14 001 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 65 (0,5 %) færre svangerskapsavbrot enn i 2014 (Tabell 1).

Abortrata er tilnærma uendra; frå 11,8 i 2014 til 11,7 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2015. Oslo, Finnmark og Troms er som tidlegare år dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 16,0 i Oslo, 15,5 i Finnmark og 13,6 i Troms. Vest-Agder, Møre og Romsdal og Aust-Agder hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 8,6 per 1 000 kvinner i Vest-Agder, 8,8 i Møre og Romsdal og 9,0 i Aust-Agder (Tabell 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ er historisk låge og fallande

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2014 til 2015; med eit fall i abortrata frå 9,6 til 8,3 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. I år 2000 var talet 20,1 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 13,1 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Troms og Nordland med 13,0 og 10,9 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Aust-Agder med 5,3 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3 og Figur 3). Bortsett frå dei tre nordlegaste fylka ligg alle på ei rate under 10 per 1 000 kvinner. Aust-Agder hadde den største nedgangen frå 9,8 i 2014 til 5,3 i 2015 per 1 000 kvinner i aldersgruppa.

Førekomst av svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år er no lik med den i aldersgruppa 25-29 år

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men og i denne gruppa har abortrata vore fallande dei siste åra, og den har no vorte lik den for aldersgruppa 25-29 år. I 2015 var rata 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 21,8 og 20,7 i 2014 (Tabell 1).

Oslo hadde høgast førekomst med 28,9 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner, medan Sør-Trøndelag hadde lågast førekomst med 15,7 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Buskerud og Finnmark hadde den største nedgangen i førekomst i denne aldersgruppa frå 2014 til 2015; frå 24,5 til 19,9 avbrot per 1 000 kvinner i Buskerud og 30,2 til 26,4 i Finnmark.

¹ Disse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2015 vart det utført 19 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 ved sjølvbestemte svangerskapsavbrot, og bruken har vore gradvis aukande (Figur 4). I 2015 vart 86,4 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2006 (Figur 4). Finnmarksykehuset Klinikkkirkenes (60,9 %), Sykehuset Østfold (66,8 %) og Sykehuset Namsos (68,4%) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Stavanger universitetssjukehus (0,8%), Ringerike sjukehus (1,2 %) og St. Olavs Hospital (2,1%) har lågast bruk av kirurgisk avbrottsmetode (Tabell 8).

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (80,3 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2015 var 13 411 (95,8 %) sjølvbestemte, og 590 (4,2 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei to sjukehusa med lågast forekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Nordlandssykehuset Lofoten (64,8 %) og Sykehuset Namsos (67,1 %) (Tabell 8). Blant universitetssjukehusa ligg St. Olavs Hospital (67,8 %), Universitetssykehuset Nord-Norge (72,7%) og Stavanger universitetssjukehus (75,8 %) under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke (Tabell 8). Helsedirektoratet starta eit prøvprosjekt med medikamentell abort opp til 9 vekers graviditet hjå 9 avtalespesialistar i Bergen, Oslo og Stavanger i 2015. I løpet av året har 204 kvinner tatt i mot dette tilbodet.

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot


Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssjukehus.

Det vart utført 590 nemndbehandla avbrot i 2015, som er 43 (7,9 %) fleire enn i 2014. Av dei utførte nemndbehandla svangerskapsavbrota i 2015 vart 575 (97,5 %) innvilga i primærnemnd og 15 (2,5 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9). Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fære for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet, har auka dei seinare åra, men frå 2013 til 2015 har dette talet gått ned (Figur 8). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 9).

Dei 590 nemndbehandla avbrota vart i stor grad (382, 64,7 %) handsama og utført ved dei største helseinstitusjonane (Tabell 15).

5. Figurar og tabellar

Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2006-2015



Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2015²

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 488	14,6	22,4	22,1	16,2	13,7	11,3	6,8	0,8
1985	14 599	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10	3,6	0,5
1995	13 760	12,8	15,2	23,9	20,1	15,1	9,7	4,1	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 994	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11	4	0,3
2010	15 739	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2011	15 364	13,3	12,7	27,7	22,6	16,6	11,3	4,4	0,4
2012	15 232	13,1	11,4	26,6	22,6	16,5	11,6	4,2	0,4
2013	14 777	12,5	10,1	24,5	21,8	16,9	11,1	4,5	0,3
2014	14 066	11,8	9,6	21,8	20,7	15,9	11,4	4,2	0,4
2015	14 001	11,7	8,3	21,1	21,1	16,4	11,3	4,2	0,5

² Tala avviker noko frå tidlegare rapportar grunna kvalitetssikring og samling av data i ein database utført i løpet av 2013-2015.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke 2011-2015

Fylke	2011		2012		2013		2014		2015	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	15 364	13,3	15 232	13,1	14 777	12,5	14 066	11,8	14 001	11,7
Østfold	803	13,0	765	12,3	685	10,9	734	11,6	704	11,1
Akershus	1 717	13,3	1 653	12,6	1 591	12,0	1 553	11,6	1 578	11,6
Oslo	3 022	18,3	3 078	18,2	2 870	16,7	2 827	16,2	2 853	16,0
Hedmark	513	12,6	462	11,3	522	12,8	489	12	480	11,8
Oppland	513	12,9	551	13,8	502	12,6	446	11,2	472	11,9
Buskerud	703	11,8	745	12,3	755	12,4	717	11,7	663	10,7
Vestfold	673	12,7	655	12,3	670	12,5	620	11,5	617	11,5
Telemark	512	13,7	478	12,8	487	13,0	453	12,1	430	11,6
Aust-Agder	267	10,8	284	11,3	257	10,2	262	10,3	230	9,0
Vest-Agder	418	10,4	400	9,8	403	9,8	385	9,3	360	8,6
Rogaland	1 062	10,1	1 052	9,8	1 066	9,8	920	8,3	1 049	9,4
Hordaland	1 381	12,1	1 263	10,9	1 271	10,8	1 241	10,4	1 238	10,3
Sogn og Fjordane	232	10,1	251	10,9	244	10,6	209	9,1	225	9,9
Møre og Romsdal	558	10,2	616	11,2	516	9,3	498	8,9	499	8,8
Sør-Trøndelag	949	13,5	904	12,7	908	12,6	827	11,4	750	10,2
Nord-Trøndelag	352	12,3	387	13,4	376	13,0	343	11,8	279	9,6
Nordland	707	13,7	710	13,7	696	13,4	660	12,7	673	13,0
Troms	591	16,3	567	15,5	540	14,6	518	14,0	504	13,6
Finnmark	323	19,5	301	18,0	303	18,0	247	14,6	261	15,5
Ukjend/Anna ¹	68		110		115		117		136	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2011-2015

Fylke	2011		2012		2013		2014		2015	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	1 996	12,7	1 800	11,4	1 601	10,1	1 522	9,6	1 311	8,3
Østfold	119	13,6	89	10,0	80	8,9	85	9,4	73	8,0
Akershus	216	11,8	180	9,8	169	9,1	161	8,6	166	8,8
Oslo	216	15,4	200	14,1	145	10,2	168	11,6	138	9,4
Hedmark	68	11,1	59	9,7	64	10,7	70	11,8	52	8,8
Oppland	55	9,3	84	14,2	50	8,6	56	9,7	57	9,9
Buskerud	84	10,4	92	11,3	68	8,3	67	8,2	54	6,6
Vestfold	113	14,7	100	13,0	83	10,7	86	11,2	61	7,9
Telemark	79	14,3	68	12,4	57	10,4	58	10,7	47	8,7
Aust-Agder	39	10,5	48	12,9	42	11,2	37	9,8	20	5,3
Vest-Agder	66	10,9	60	9,8	54	8,8	53	8,6	39	6,3
Rogaland	143	9,7	139	9,3	138	9,1	97	6,4	97	6,4
Hordaland	207	13,2	142	9,0	151	9,5	132	8,3	131	8,2
Sogn og Fjordane	39	10,1	42	10,9	31	8,1	32	8,5	30	8,1
Møre og Romsdal	96	11,4	82	9,8	66	7,9	75	8,9	60	7,1
Sør-Trøndelag	109	11,7	95	10,2	96	10,3	86	9,2	59	6,3
Nord-Trøndelag	56	12,0	53	11,3	53	11,4	46	10,0	36	7,9
Nordland	134	16,5	115	14,1	118	14,5	112	13,9	86	10,9
Troms	88	16,8	81	15,5	88	17,1	64	12,5	66	13,0
Finnmark	64	26,2	62	25,3	41	16,7	32	13,0	32	13,1
Ukjend/Anna ¹	5		9		7		5		7	

¹Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2011-2015

Fylke	2011		2012		2013		2014		2015	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	4 414	27,7	4 362	26,6	4 078	24,5	3 643	21,8	3 513	21,1
Østfold	232	29,3	207	25,4	185	22,1	196	23,4	175	21,1
Akershus	453	29,5	435	27,5	405	25,1	332	20,4	320	19,6
Oslo	866	37,0	888	36,6	749	30,6	694	28,3	706	28,9
Hedmark	120	21,8	123	21,7	142	24,8	116	20,3	116	20,4
Oppland	147	26,8	149	26,6	165	28,8	118	20,3	125	21,8
Buskerud	189	24,7	186	23,8	189	24,0	193	24,5	156	19,9
Vestfold	202	28,9	193	27,2	186	26,1	166	23,4	158	22,4
Telemark	163	31,1	151	28,3	134	25,1	125	23,7	105	20,2
Aust-Agder	75	22,0	82	23,5	78	22,1	73	20,5	62	17,5
Vest-Agder	122	20,7	131	21,6	117	19,1	109	17,6	110	17,6
Rogaland	317	21,7	286	19,2	279	18,4	231	15,1	275	18,1
Hordaland	408	24,0	376	21,6	358	20,2	347	19,4	324	18,0
Sogn og Fjordane	74	21,7	83	23,8	62	17,8	56	16,2	61	17,7
Møre og Romsdal	163	20,7	183	22,8	140	17,3	154	19,1	143	17,8
Sør-Trøndelag	284	26,4	258	23,0	262	22,9	217	18,8	183	15,7
Nord-Trøndelag	106	25,6	111	26,3	112	26,1	89	20,4	77	17,6
Nordland	205	27,8	222	29,4	217	28,5	185	24,5	185	24,6
Troms	179	34,9	169	31,7	183	33,1	135	24,0	128	22,9
Finnmark	81	34,6	90	37,2	82	33,0	76	30,2	66	26,4
Ukjend/Anna ¹	28		39		33		31		38	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner bussett utanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2015

Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	14 001	5 193	5 571	1 979	671	463	117	6	1
15-19 år ¹	1 311	433	485	248	84	52	8	1	0
20-24 år	3 513	1 298	1 415	512	189	90	8	1	0
25-29 år	3 702	1 407	1 496	487	163	108	38	2	1
30-34 år	2 766	1 041	1 119	364	118	87	36	1	0
35-39 år	1 862	671	762	257	82	68	21	1	0
40-44 år	763	304	277	94	31	52	5	0	0
45-49 år ²	84	39	17	17	4	6	1	0	0


¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (19 avbrot blant dei under 15 år).

² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (2 avbrot blant dei over 49 år).


Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2006-2015

År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
2006	14 404	4 563	5 956	2 379	913	476	96	11	10
2007	15 176	4 836	6 208	2 569	938	498	114	11	2
2008	16 138	5 271	6 589	2 644	1 009	503	111	7	4
2010	15 790	5 000	6 489	2 666	1 030	478	117	9	1
2009	15 739	5 067	6 478	2 576	969	521	108	20	0
2011	15 364	5 026	6 400	2 426	885	486	121	17	3
2012	15 232	4 958	6 324	2 413	888	500	141	8	0
2013	14 777	4 833	6 165	2 320	824	477	153	5	0
2014	14 066	4 659	5 982	2 161	719	409	124	11	1
2015	14 001	5 193	5 571	1 979	671	463	117	6	1


Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19 og 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2015



Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2015



Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 2007-2015



Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2008-2015

År	Total mengd	Svangerskapslengde																								Ikke oppgitt						
		9 uker og under						10 uker						11 uker						12 uker							Over 12 uker ¹					
		Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk				Medikamentell			Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent		Mengd	Prosent				
2008	15 503	8 296	53,5	5 254	33,9	187	1,2	763	4,9	124	0,8	588	3,8	124	0,8	588	3,8	124	0,8	588	3,8	56	0,4	227	1,5	0	0,0	0	0,0	0	0,0	8
2009	15 167	9 532	62,8	3 685	24,3	336	2,2	601	4,0	226	1,5	452	3,0	226	1,5	452	3,0	226	1,5	452	3,0	136	0,9	198	1,3	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1
2010	15 067	10 192	67,6	3 006	20,0	424	2,8	499	3,3	276	1,8	359	2,4	276	1,8	359	2,4	276	1,8	359	2,4	164	1,1	147	1,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0
2011	14 723	10 614	72,1	2 397	16,3	400	2,7	441	3,0	272	1,8	263	1,8	272	1,8	263	1,8	272	1,8	263	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	0	0,0	3
2012	14 576	10 769	73,9	2 125	14,6	450	3,1	351	2,4	320	2,2	256	1,8	320	2,2	256	1,8	320	2,2	256	1,8	196	1,3	109	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0
2013	14 141	10 711	75,7	1 849	13,1	424	3,0	334	2,4	292	2,1	251	1,8	292	2,1	251	1,8	292	2,1	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0
2014	13 519	10 587	78,3	1 563	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,1	194	1,4	279	2,1	194	1,4	279	2,1	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1
2015	13 411	10 734	80,0	1 346	10,0	416	3,1	247	1,8	289	2,2	162	1,2	289	2,2	162	1,2	289	2,2	162	1,2	149	1,1	67	0,5	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2015

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	13 411	11 589	86,4	1 822	13,6	10 764	80,3
Akershus Universitetssykehus	1 479	1 239	83,8	240	16,2	1 236	83,6
Bærum sykehus	452	414	91,6	38	8,4	383	84,7
Drammen sykehus	420	402	95,7	18	4,3	314	74,8
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	147	133	90,5	14	9,5	119	81,0
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	87	53	60,9	34	39,1	69	79,3
Førde sentralsjukehus	177	149	84,2	28	15,8	148	83,6
Haugesund sjukehus	246	237	96,3	9	3,7	199	80,9
Haukeland universitetssjukehus	1 066	1 028	96,4	38	3,6	863	81,0
Helgelandssykehuset Mo i Rana	116	91	78,4	25	21,6	90	77,6
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	86	74	86,0	12	14,0	58	67,4
Kongsberg sykehus	128	114	89,1	14	10,9	103	80,5
Kristiansund sykehus	98	86	87,8	12	12,2	72	73,5
Longyearbyen sykehus	13	13	100,0	0	0,0	13	100,0
Molde sjukehus	116	96	82,8	20	17,2	94	81,0
Nordlandssykehuset Bodø	228	219	96,1	9	3,9	182	79,8
Nordlandssykehuset Lofoten	54	49	90,7	5	9,3	35	64,8
Nordlandssykehuset Vesterålen	87	64	73,6	23	26,4	77	88,5
Odda sjukehus	19	19	100,0	0	0,0	18	94,7
Oslo universitetssykehus Ullevål	2 290	1 672	73,0	618	27,0	1 951	85,2
Ringerike sykehus	166	164	98,8	2	1,2	132	79,5
St. Olavs Hospital	817	800	97,9	17	2,1	554	67,8
Stavanger universitetssjukehus	747	741	99,2	6	0,8	566	75,8
Stord sjukehus	56	45	80,4	11	19,6	49	87,5
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	561	433	77,2	128	22,8	448	79,9
Sykehuset Innlandet Elverum	338	294	87,0	44	13,0	283	83,7
Sykehuset Innlandet Gjøvik	231	217	93,9	14	6,1	173	74,9
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	98	94	95,9	4	4,1	75	76,5
Sykehuset Innlandet Lillehammer	208	186	89,4	22	10,6	160	76,9
Sykehuset Levanger	176	160	90,9	16	9,1	138	78,4
Sykehuset Namsos	79	54	68,4	25	31,6	53	67,1
Sykehuset Telemark	381	331	86,9	50	13,1	307	80,6
Sykehuset Østfold	618	413	66,8	205	33,2	500	80,9
Sørlandet sykehus Arendal	196	189	96,4	7	3,6	164	83,7
Sørlandet sykehus Kristiansand	364	321	88,2	43	11,8	277	76,1
Universitetssykehuset Nord-Norge	344	323	93,9	21	6,1	250	72,7
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	135	131	97,0	4	3,0	105	77,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	71	65	91,5	6	8,5	56	78,9
Volda sjukehus	78	59	75,6	19	24,4	63	80,8
Voss sjukehus	53	37	69,8	16	30,2	45	84,9
Ålesund sjukehus	181	176	97,2	5	2,8	139	76,8
Avtalespesialistar (Bergen, Oslo, Stavanger)	204	204	100	0	0,0	203	99,5


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2015

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnd	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 488	13 078	97	379	2,8	31	0,2
1985	14 599	14 243	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 760	13 434	97,6	325	2,4	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 994	13 413	95,8	573	4,1	8	0,1
2010	15 739	15 067	95,7	652	4,1	20	0,1
2012	15 232	14 576	95,7	640	4,2	16	0,1
2013	14 777	14 141	95,7	622	4,2	14	0,1
2014	14 066	13 519	96,1	529	3,8	18	0,1
2015	14 001	13 411	95,8	575	4,1	15	0,1

Figur 5. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2006-2015


¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 6. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2006-2015



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2006-2015



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2006-2015

År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2006	631	42	297	211	50	5	9	15	2
2007	646	40	271	249	68	1	5	10	2
2008	635	49	276	244	45	4	9	7	1
2009	623	59	248	231	51	16	3	14	1
2010	672	51	298	245	36	11	12	17	2
2011	642	38	292	249	34	9	5	15	0
2012	657	36	275	276	34	9	7	13	7
2013	634	40	256	290	23	7	5	9	4
2014	546	37	201	249	41	3	7	7	1
2015	590	50	243	244	23	1	10	17	2


¹ Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² [Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd](#)

Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2006-2015



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c



Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veke	590	258	100,0	330	100,0	2	100,0
Veke 12 ¹	4	2	0,8	2	0,6	0	0,0
Veke 13	108	32	12,4	76	23,0	0	0,0
Veke 14	121	39	15,1	82	24,8	0	0,0
Veke 15	73	18	7,0	55	16,7	0	0,0
Veke 16	58	19	7,4	39	11,8	0	0,0
Veke 17	41	15	5,8	25	7,6	1	50,0
Veke 18	62	44	17,1	18	5,5	0	0,0
Veke 19	54	40	15,5	13	3,9	1	50,0
Veke 20	38	27	10,5	11	3,3	0	0,0
Veke 21	25	18	7,0	7	2,1	0	0,0
Veke 22 og over	6	4	1,6	2	0,6	0	0,0

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2015, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	681	598	50	32	1	575
Veke 12 ¹	4	4	0	0	0	4
Veke 13	120	112	2	6	0	108
Veke 14	136	125	2	9	0	121
Veke 15	78	75	1	2	0	72
Veke 16	68	62	3	3	0	58
Veke 17	49	41	6	2	0	38
Veke 18	75	64	10	1	0	60
Veke 19	56	51	4	1	0	51
Veke 20	46	36	9	1	0	35
Veke 21	30	23	7	0	0	23
Veke 22 og over	14	5	6	2	1	5
Anna	5	0	0	5	0	0

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2015, vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	42	14	15	11	2	15
Veke 12 ¹	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	0	0	0	0	0	0
Veke 15	1	1	0	0	0	1
Veke 16	0	0	0	0	0	0
Veke 17	5	2	1	1	1	3
Veke 18	10	3	3	4	0	2
Veke 19	6	2	1	2	1	3
Veke 20	7	3	3	1	0	3
Veke 21	9	2	5	2	0	2
Veke 22 og over	4	1	2	1	0	1

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2015

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	681	100,0	590	100,0
Østfold	39	5,7	34	5,8
Akershus	72	10,6	60	10,2
Oslo	135	19,8	121	20,5
Hedmark	21	3,1	16	2,7
Oppland	35	5,1	33	5,6
Buskerud	35	5,1	31	5,3
Vestfold	18	2,6	14	2,4
Telemark	19	2,8	16	2,7
Aust-Agder	10	1,5	10	1,7
Vest-Agder	20	2,9	15	2,5
Rogaland	47	6,9	43	7,3
Hordaland	70	10,3	59	10,0
Sogn og Fjordane	12	1,8	10	1,7
Møre og Romsdal	30	4,4	24	4,1
Sør-Trøndelag	44	6,5	39	6,6
Nord-Trøndelag	11	1,6	9	1,5
Nordland	20	2,9	18	3,1
Troms	23	3,4	22	3,7
Finnmark	15	2,2	13	2,2
Ukjend/Anna ²	5	0,7	3	0,5

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2015

Helseinstitusjon	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	681	100,0	590	100,0
Akershus universitetssykehus	58	8,5	46	7,8
Bærum sykehus	16	2,3	15	2,5
Drammen sykehus	27	4,0	20	3,4
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	5	0,7	6	1,0
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	6	0,9	4	0,7
Førde sentralsykehus	10	1,5	6	1,0
Haugesund sjukehus	11	1,6	10	1,7
Haukeland universitetssykehus	68	10,0	57	9,7
Helgelandssykehuset	3	0,4	3	0,5
Helse Møre og Romsdal, Kristiansund og Molde	10	1,5	9	1,5
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	13	1,9	8	1,4
Helse Nord-Trøndelag	7	1,0	4	0,7
Nordlandssykehuset	11	1,6	10	1,7
Oslo universitetssykehus Rikshospitalet	77	11,3	73	12,4
Oslo universitetssykehus Ullevål	66	9,7	68	11,5
Ringerike sykehus	8	1,2	8	1,4
St. Olavs Hospital	68	10,0	61	10,3
Stavanger universitetssykehus	45	6,6	40	6,8
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	15	2,2	12	2,0
Sykehuset Innlandet Elverum	13	1,9	11	1,9
Sykehuset Innlandet Gjøvik	16	2,3	13	2,2
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	5	0,7	4	0,7
Sykehuset Innlandet Lillehammer	13	1,9	11	1,9
Sykehuset Telemark	19	2,8	14	2,4
Sykehuset Østfold	37	5,4	30	5,1
Sørlandet sykehus Arendal	6	0,9	6	1,0
Sørlandet sykehus Kristiansand	19	2,8	15	2,5
Universitetssykehuset Nord-Norge	22	3,2	19	3,2
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	5	0,7	5	0,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	2	0,3	2	0,3

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål.

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal mars 2016.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2015.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2015 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2015, og frå til saman 9 gynekologar med avtalepraksis i Bergen, Oslo og Stavanger som inngår i Helsedirektoratet sitt prøveprosjekt med svangerskapsavbrot ved medikamentell metode hos avtalespesialistar, «Medikamentellabort hos avtalespesialister». Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2015 mottok registeret 15 778 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa, men det vart i 2015 nytta papirmelding frå dei 9 avtalespesialistane i Bergen, Oslo og Stavanger som er med i prosjektet «Medikamentellabort hos avtalespesialister».

Totalt 4 av dei 41 institusjonane nytta Folkehelseinstituttet si midlertidige innmeldingsløysning. Dette gjaldt institusjonar i Helse Sør-Øst.

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2014. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfeller per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfeller per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinere enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påvirker ratene i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

Oppdateringsfrekvens

Årleg

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlede svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2007](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2009](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2010](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

www.fhi.no

Utgitt av Folkehelseinstituttet
Mars 2016
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00
Rapporten kan lastast ned gratis frå
Folkehelseinstituttet sine nettsider www.fhi.no